



Reidar Furelid  
Vassbygdvegen 271  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2704 - 17/35704

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2017

## Gbnr 182/4 Gausereide. Gyldig gjødselplan.

Syner til brev datert 04.12.2017. Saman med dette brevet låg og «Vedlegg i høve etterspurd gjødselplan av 30, november 2017 frå Norsk Landbruksrådgiving.»

I denne saka kom det inn brev frå deg datert 3.september der du søker om fritak frå kravet om gjødselplan i høve til søknad om produksjonstilskot.

I november vart dette brevet besvart med ein mail og det vart bede om meir opplysninger knytt til korleis du gjødslar på eigedommen din.

Til dette kom det svar elektronisk at du hadde bede Norsk Landbruksrådgiving om å lage ein plan for gjødsling.

Du har no lagd fram for landbrukskontoret «Gjødslingsplan for 2017». Dette er i realiteten eit oversyn over kor mykje kalksalpeter som vert kjøpt inn og vidare kor mykje denne mengden svarar til pr.da tilgjengeleg areal i 2017.

Etter kommunen sitt syn er dette for det første ikkje eit svar på dei spørsmåla som var stilt i mailen datert 14/11. Der vart du m.a. beden om å gjere greie for korleis du spreier gjødsel og kor mykje dyr som står inne.

Du skriv til NLR at du har 40 lamsauer som går maksimalt ute. Der vert «relativt små mengder av oppsamla husdyrgjødsel». Eg forstår av det du skriv at drifta er ekstensiv. Det er sikkert grunnlag for å gi fritak frå kravet om plan.

Den planen du har fått frå NLR er gyldig for 2017, og er då heller ikkje ein plan som kan leggest til grunn som godnok i høve til søknad om PT, med mindre du sender inn ein tilsvarande plan kvar vår. Dokumenta du har sendt er då heller ikkje eit grunnlag som kommunen kan nytte til gje fritak frå kravet om gjødselplan, eller til å godkjenne at du har gyldig gjødselplan.

Kravet om gjødselplan eller eit gyldig vedtak om fritak – er ei føresetnad for å kunne vere søkegod til produksjonstilskot.

Du må såleis svare så godt du kan og så konkret som mogeleg på dei spørsmåla som er stilt i mailen datert 14/11.



Når eg ser vidden på spreiearealet vil eg og at du merkar av på kartet dei areala du vanlegvis nyttar til spreieing av den husdyrgjødsla du faktisk har på lageret, samstundes som du syner dei areala der du spreier kalksalpeter.

Aller helst bør du og ta jordprøvar for at ein skal sjå kva hevd jorda di er i.

Landbrukskontoret skjønar du synes dette er unødig byråkratisk. Men kravet om dokumentasjon i høve til å få utbetalt tilskot til produksjonen er monaleg skjerpa no i 2017, og dersom kommunen «tek lett på kravet om dokumentasjon» , er det me som tenestemenn som kjem i «heisen» om det vert gjennomført kontroll av arbeidet me gjer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Reidar Furelid

Vassbygdvegen 5912  
271

SEIM